

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-S80, TI-&13	22/428

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2023	Formannskapet	PS	02.02.2023
011/2023	Kommunestyret	PS	16.02.2023

Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023 - 2035 med handlingsprogram - fråsegn frå Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel

Høyringsutkast-Regional plan for fornybar energi
Utkast Handlingsprogram Rein handlekraft 2023-2027

Dato

06.12.2022
06.12.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune støttar hovudmålet i planen som slår fast at Vestland skal ha energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.

Vidare deler kommunen ambisjonsnivåa til dei enkelte 6 fornybare energikjeldene og for den vidare utviklinga av kraftforsyninga som er føreslått i plandokumentet. Nye kraftlinjer og oppgraderingar av eksisterande er heilt naudsynt, for å få til ei robust kraftforsyning i Vestland fylke.

Masfjorden kommune støttar dei 38 retningslinene som er definert i plandokumentet, og vil spesielt framheva at formuleringane som gjeld vindkraft i punkt 12 og 13 er svært viktige for kommunen, der det står følgjande:

12. Det skal ikkje byggjast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak.

13. Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa.

Masfjorden kommune meiner at handlingsprogrammet inneheld mange gode tiltak knytt til alle strategiane og delmåla. Under delmål 6, som handlar om kraftnettet, saknar kommunen ein fylkeskommunal strategi som handlar om å arbeide for å finne kraftlinjetrasear som i minst mogleg grad forringar landskap og viktige vilt-, natur og friluftsområde. Eit aktuelt nytt tiltak som kunne vorte vurdert teke inn i handlingsprogrammet under delmål 6 er: **Gjennom fråsegn og politisk arbeid bidra til at nye kraftlinjer vert lagt på ein skånsam måte, og med lågast mogeleg ulemper for landskap, miljø og naturkvalitetar.**

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Vestland fylkeskommune har i brev av 02.12.2022 sendt ut framlegg til *Regional plan for fornybar energi 2022-2035 med tilhøyrande Handlingsprogram 2023-2027* på høyring og offentleg ettersyn etter plan og bygningslova § 4-1. Dei ønskjer merknader innan høyringsfristen, som er sett til 20. februar 2023. Denne regionale planen for fornybar energi skal fastsetja mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi, og skal erstatta dei gamle kraftplanane for Sogn og Fjordane og Hordaland. Planen omhandlar dei 6 fornybare energikjeldene: **Vasskraft, vindkraft, termisk energi, havenergi, solenergi, bioenergi.**

I høyringsbrevet skriv dei følgjande:

« Bakgrunn

Føremålet med regionale planar er å mobilisere og samordne innsatsen i fylket og fremje brei, open og inkluderande samfunnsutvikling i heile fylket. For å nå dei store, globale klimamåla, må vi gjere ein innsats på alle nivå, inkludert på regionalt og lokalt nivå. Vestland set seg høge ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Vi er både modige og framoverlente. Vi skal inkludere, inspirere og mobilisere heile Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling. Skal vi lukkast med ein god kraftbalanse og sikker kraftforsyning som bidrar til grøn verdiskaping, er produksjon av og tilgang på fornybar energi vesentleg. Regional plan for fornybar energi fokuserer på korleis Vestland skal lukkast med å løyse energiutfordringane, og set mål om auka produksjon frå alle dei seks fornybare energikjeldene samstundes som den set mål om utvikling av kraftnettet.

Planen inneheld og 38 retningslinjer.

Vestland skal fortsette å være Noregs største produsent av rein fornybar energi som både kan delast med omverda samtidig som grønne industrier fortset å vekse i fylket.

Kva meiner du og din organisasjon?

Vestland fylkeskommunen inviterer dykk alle til å gje høyringsinnspel. Vi ønskjer di meining om korleis vi skal nå hovudmålet i planen. Det handlar om at Vestland fylke får energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.

Vi ønskjer også innspel på:

- tema i planen
- ambisjonsnivå til dei enkelte fornybare energikjeldene
- korleis vi får ei robust kraftforsyning i fylket
- utdanning, forskning og innovasjon som omhandlar fornybar energi

- *retningslinjene i planen*
- *tiltaka i handlingsprogrammet* «

Hovudmålet som er sett i planen er:

Vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.

Det er sett ned to prioriterte tema med 9 delmål:

- **Auka produksjon frå fornybare energikjelder**

Delmål 1: Vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.

Delmål 2: Kvar enkelt fornybare energikjelde brukast der dei har høgast verdi for samfunnet.

Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagass utslepp i Vestland

Delmål 4: Vi har kompetanse, forskning og utdanning til å utvikle fornybar energi

- **Robust kraftforsyning i Vestland**

Delmål 5 : Vi har stabil og positiv kraftbalanse

Delmål 6: Vi har kraftnett som gir nok kraft til forbruk og industri i heile Vestland.

Delmål 7: Vi utnyttar mangfaldet av fornybare energikjelder som gjer oss mindre sårbare for uføresette endringar i energiproduksjonen

Delmål 8: Vi har ein infrastruktur for energiberarar som gjer at vi kan nytte oss av svingingane i kraftproduksjonen og avlaste nettet

Delmål 9: Vi har sikra nok tilgang på rein energi til hubane i Grøn region Vestland

I tillegg vert det definert retningslinjer for fornybar energi.

Planen skal leggjast til grunn for regional og kommunal planlegging. Den vil vere retningsgjevande for kommunal planlegging, som kan påverke vekst av fornybar energi, samstundes som ein tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområde og landskaps- og kulturverdiar. Måla i planen er støtta opp av retningslinjene til planen. Desse skal leggjast til grunn ved utarbeiding nye kommunale planar når det kjem til utvikling av fornybare energikjelder. Også klimaplanen vil vere utfyllande for å ivareta ei god forvaltning av naturmangfaldet.

Handlingsprogrammet er og på høyring og skal følgje opp måla i planen for fornybar energi. Det har ein kortare tidshorison, noko som gir fleksibilitet og samstundes høve til å justere kurs undervegs. Det opnar opp for å kunne gjera justeringar i både framdrift og tiltak basert på oppdatert forskning og

kunnskap, og nye statlege og/eller internasjonale krav og føringar. Eit 4-årig handlingsprogram seier noko om prioriteringane i den gjeldande politiske perioden, og skal vera ei operasjonalisering av målsettingane i plandokumentet.

For å nå målet om netto nullutslepp må ein i Vestland erstatta 30,5 TWh med fossil energi (tal frå 2018) med fornybar energi. Alle dei 6 fornybare energikjeldene må brukast for at fylket skal nå dette målet. Planen inneheldt og oversikt over kva fotavtrykk dei ulike typane fornybare energikjelder krev målt i CO₂ utslepp per produsert kWh og med omsyn på arealbruk (figur 5) på side 10 i planen.

Nedunder er hovudinnhaldet knytt til tiltak under fornybar energi og definert ambisjonsnivå for kvar av dei 6 ulike energikjeldene sitert:

Ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi

- *Vestland fylke har lagt til rette for auka produksjon av fornybar energi slik at vestlandssamfunnet har påliteleg og berekraftig energi til overkomeleg pris.*
- *I Vestland fylkeskommune nyttar vi dei fornybare energikjeldene som er vurdert mest gunstige på eigne eigedommar.*
- *Vestland fylke har vore pådrivar for innføring av teknologiske løysingar som gjev høgast mogleg utnytting av dei fornybare energikjeldene*
- *Vestland fylke har vore pådrivar for å redusere klimagassutslepp gjennom å prioritere komponentar til fornybar energiproduksjon med lågt CO₂-avtrykk i offentlege innkjøp.*
- *Vestland fylke har stimulert til utvikling av fornybar energi gjennom utdanning, forskning og innovasjon.*

Ambisjonsnivå og utbygging av vasskraft

- *I Vestland er vasskraftverk oppgradert og utvida med fokus på miljøet i vassdraga*
- *I Vestland har vi nytta oss av auka nedbørsmengder til å produsere meir kraft og til å betre miljøet i vassdraga*
- *Småkraftverk er realisert og bidratt til auka vasskraftproduksjon*
- *Alle vasskraftprosjekt som har fått endeleg konsesjon er realisert*
- *4-6 TWh ny vasskraft i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland*

Ambisjonsnivå og utbygging av Solenergi

- *I Vestland er det lagt til rette for solenergiproduksjon både på eksisterande og nye bygningar og infrastruktur*
- *På bygg i Vestland brukar vi solenergi med minst mogleg klimafotavtrykk*

- *Vi legg til rette for at solenergi skal inngå i samspelet med dei andre fornybare energikjeldene*
- *Produksjon av energi frå solenergi har passert 1-2 TWh i utgangen av planperioden*

Ambisjonsnivå og utbygging av vindenergi

- *I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft i urørd natur eller påkostnad av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne eller kulturmiljø og reiseliv.*
- *I Vestland fylke har vi ikkje bygd ut vindkraft som var i strid med kommunestyrevedtak.*
- *I Vestland har vi utvikla havvind i samråd med havbruk- og fiskeinteressene.*
- *Vestland har stilt tydelege og strenge krav til konsekvensutgreiingar i samband med vindkraftutbyggingar. Naturmangfaldslova og miljøforvaltninga har vore sterkt vektlagt.*
- *5-10 TWh straum frå havvind har blitt ilandført i fylket*
- *0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland*

Ambisjonsnivå og utbygging av termisk energi

- *I Vestland brukar vi teknologiane innan termiske energikjelder i bygg, der dei er best eigna*
- *I Vestland har vi stimulert til auka bruk av restvarme gjennom industriell symbiose*

Ambisjonsnivå og utbygging av Bioenergi

- *Dei sirkulære verdikjedane som tek i bruk sekundærprodukt, avfall og andre overskotsressursar som innsatsfaktorar i bioenergianlegg er styrka.*
- *Verdikjeda er organisert på ein slik måte at det er eit netto opptak av klimagassar ved produksjon og bruk av bioenergi.*

Ambisjonsnivå og utbygging av Havenergi

- *Det er lagt til rette for utvikling av teknologiar som gjer energi produksjon frå havet*
- *Forsking og utvikling av produksjon frå havenergi er styrka gjennom utdanningsløpa og kompetanseheving*
- *Teknologiutviklinga innan havenergi skjer saman med lokal bedriftsutvikling og verdiskaping*
- *Havenergi dempar trykket på nettkapasiteten ved å levere straum til industrien ved kysten*

Deretter vert temaet energiberarar drøfta, og det vert sett opp følgjande tiltak og ambisjonsnivå:

Ambisjonsnivå og utbygging av energiberarar

- *Forsking og utvikling av energiberarar er styrka gjennom utdanningsløpa og kompetanseheving*
- *Teknologiutviklinga innan energiberarar skjer saman med lokal bedriftsutvikling og verdiskaping*
- *Vestland fylke har lagt til rette for overgangen til låg- og nullutslepp for alle transportformer, både på veg, i sjø og innan luftfart gjennom å støtta utbygging av infrastruktur som mogleggjer bruk av energiberarane batteri og hydrogen*
- *Vi deltek i utviklinga av ei styrka europeisk verdikjede for batteri gjennom auka næringsutvikling innan material for batteri, battericelleproduksjon og utvikling av batterisystem.*

Det vert og sett opp delmål til utdanning, forskning og innovasjon:

- *Vi har skapt ei brei forståing av den viktige rolla kraft frå fornybar energi spelar for økonomien i fylket.*
- *Vi har bygd kompetanse innanfor fornybar energi gjennom utdanning, forskning og innovasjon.*
- *Etter og vidareutdannings tilbodet i fylket har vore tilpassa til økt kunnskap og ferdighetar innanfor fornybar energi og energiberarar*

Delmål - kjernekraft

- *Fylket har fylgd utviklinga av kjernekraft teknologi gjennom planperioden og vurdert behov for eiga analyse av energikjelda for bruk i Vestland.*

Ambisjonsnivå og utvikling av kraftforsyninga

- *Vi har samarbeida på tvers av teknologiar og interesser for å skape ein kraftsituasjon som har gagna innbyggjarar og industriutviklinga i Vestland.*
- *Samspela av dei fornybare energikjeldene har gjeve eit robust kraftnett som har auka verdiskapinga i Vestland.*
- *Sentralnettet i Vestland er oppgradert til, og drifta på, 420 kV med mellom anna følgjande tiltak (transformatorstasjonar kjem i tillegg):*
 - o 2025: ferdigstilling av 420 kV linje Sogndal-Aurland
 - o 2027: ferdigstilling av 420 kV linje Blåfalli-Gismarvik
 - o 2028: spenningsoppgradert til 420 kV på sambandet Modalen-Øygarden
 - o 2029: spenningsoppgradert til 420 kV på sambandet Sogndal-Modalen

o 2031: spenningsoppgradert til 420 kV på sambandet Sauda-Samnanger og tredje 420 kV-samband inn til Kollsnes

o 2031-2035: spenningsoppgradert resten av sentralnettet i Vestland til 420 kV; ytre ring sør, Sogndal-Fortun, Husnes-Stord-Haugalandet og Sauda-Røldal-Åsen/Oksla.

Til slutt i dokumentet er det sett opp 38 retningslinjer for fornybar energi.

Handlingsprogrammet for perioden 2023 – 2027 er og sendt på høyring. Dette inneheldt konkrete tiltak til dei ulike strategiane som er knytt til dei 9 delmåla i sjølve plandokumentet.

Saman med høyringsdokumenta er det og utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag, som er eit dokument som skildrar kraftsystemet i Vestland, og som drøftar dei ulike fornybare energikjeldene og energiberarane i tillegg til kjernekraft. Dette dokumentet skal oppdaterast i heile planperioden.

Vurdering

Rådmannen meiner at hovudmålet i planen som slår fast at Vestland skal ha energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping er eit velformulert mål, som langt på veg fangar opp dei viktigaste utfordringane Vestland fylke har på dette området.

Vidare meiner rådmannen at ambisjonsnivåa til dei enkelte 6 fornybare energikjeldene og for den vidare utviklinga av kraftforsyninga som er føreslått i plandokumentet er gjennomtenkt og er lagt på eit realistisk nivå. Nye kraftlinjer og oppgraderingar av eksisterande er heilt naudsynt, for å få til ei robust kraftforsyning i Vestland fylke.

Rådmannen støttar dei 38 retningslinjene som er definert i plandokumentet, og vil spesielt framheva at formuleringane som gjeld vindkraft i punkt 12 og 13 er svært viktige for kommunen, der det står følgjande:

«12. Det skal ikkje byggast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak»

13. Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdier knytt til natur, landskap, kulturminne, naturmiljø eller reiseliv blir forringa.

I tillegg vil ein vise til at kommunestyret i Masfjorden i samband med fråsegn til nasjonal rammeplan for vindkraft på land, jf. k. sak 031/2019 i møte den 24.06.2019, var svært tydeleg på at ein ikkje ønskjer vindkraftutbygging i Nordhordland og Gulen.

Rådmannen meiner at handlingsprogrammet inneheld mange gode tiltak knytt til alle strategiane og delmåla. Under delmål 6 som handlar om kraftnettet saknar kommunen ein fylkeskommunal strategi som handlar om å arbeide for å finne kraftlinjetraseer som i minst mogleg grad forringar landskap og viktige vilt-, natur og friluftsområde. Eit aktuelt tiltak som kunne vorte vurdert knytt opp mot dette er: Gjennom fråsegn og politisk arbeid bidra til at nye kraftlinjer vert lagt på ein skånsam måte og med lågast mogeleg ulemper for landskap, miljø og naturkvalitetar med meir.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert gjeve ei fråsegn i samsvar med vurderingane ovanfor.

Formannskapet - 004/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) bad om at følgjande innspel vart protokollert:

Region plan for fornybar energi tar ikkje opp i seg fylkestingets vedtak av XXX om avvising av vindkraft på land, med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.

1. **Side 27**, punkt 12: Det skal ikkje byggjast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak.

Innspel : Ny tekst

Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylkje med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.

1. **Side 27**, punkt 13: Det skal ikkje byggjast vindkraft i urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa.

Innspel : Ny tekst

Det skal ikkje byggjast vindkraft i natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa eller som gjev varige sår i naturen som ikkje kan tilbakeførast i sin heilheit.

1. **Orda «urørd natur» er brukt 3 stader i plan(side 15 og 27).**

Innspel : Orda «urørd natur» endrast til natur.

Ein kan ikkje nedskalere verdien av natur til å sei at det er kun urørt natur som skal «vernast» mot nye inngrep. Mykje av den naturen som plan legg opptil kan brukast til utbygging, er særskild viktig for landskap, kulturminne, kulturmiljø, reiseliv, friluftsliv og lokalsamfunn. Lokalsamfunn sin berekraft med tilflytting og etablering vil kunna bli sterkt redusert som følge av bruka av såkalla urørt natur og er ikkje drøfta i plan i det heile.

1. **Side 28:** Punkt 18-19 , Sårbart høgfjell: Retningslinjer for planlegging i Vestland

Retningslinjene(side 28) er det ikkje satt krav til kvalitativ metode for å utgreia Sårbart høgfjell.

Det er ikkje innarbeida i plan for kva som vert definert som sårbart høgfjell, kva som varige sår i naturen og krav til kvalitativ metode som skal brukast. Det er ein svakheit som ikkje stettar vedteken politikk i Vestland fylkje.

Innspel : Punkt 18 og 19 erstattast med

Det skal ikkje gjevast løyve til kraftutbygging i områder definert som «Sårbart høgfjell»

Subsidiert: Nytt punkt under hovud punkt «Sårbart høgfjell»

Det skal ikkje gjevast løyve til vindkraft i områder definert som «Sårbart høg fjell»

1. **Side 28:** Punkt 31, Friluftsliv: Retningslinjer for planlegging i Vestland

31. Ein bør vise varsemd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje redusera opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Innspel : Ny tekst

Det skal ikkje tillast ny kraftutbygging der opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi vert forringa .

1. **Side 3:** Delmål 3: Auka produksjon frå fornybare energikjelder har bidrege til kutta klimagass utslepp i Vestland

Innspel: ***Målet fjernast: Dette målet er alt oppfylt når Vestland alt har overskott av energi produsert av fornybare kjelder.***

Viser til side 25 deltema – kraftnett. «Det produserast meir kraft i Vestland enn vi brukar, likevel er det mange område i fylket der det ikkje er mogleg å ta ut meir kraft enn i dag.»

Plan er sjølv motsigande på dette punktet da plan tilkjenn gir at produksjon i Vestland fylke er stor nok til eige forbruk og ei auke. Det betyr at auke i produksjon gir ingen reduksjon av klimagass utslepp lokalt i Vestland. Ingen av punkta (på side 26) treng ny produksjon få å kunne nåes men nye linje føringar er det behov for.

1. **Side 27:** Retningslinjer som gjeld dei fornybare energikjeldene

Punkt 7. Ved bruk av komponentar til produksjon av energi frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane.

Innspel : Ny tekst

Ved planlegging av etablering av ny produksjon av fornybar energi skal fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafot-, miljøavtrykket og berekraft i produksjon av komponentar alt frå første utvinning av råstoff og i alle ledd i prosessen fram til ferdig produkt.

1. I plan nyttar ein «begrep» som følgjar; urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller reiseliv blir forringa. Det er ein stor svakheit i plan at desse orda(begrep) ikkje er definert eller kvantifisert og derfor ikkje er målbare eller blir styrt av politikk.

Forholdet til friluftsliv er nemnt i emne Havenergi som moglege interessekonfliktar, men er ikkje nemnt som det i omtale av vindkraft på land. Dette fører til at det generelle kunnskapsgrunnlaget som skal etablerast i plan og brukast i vidare planlegging på alle nivå i sin heilheit er feil. Det vil føre til at tiltakshavar ikkje må eller vil vurdere friluftsliv som eit av forhold som må utgreiast i ein KU. Retningslinjene(side 28) er det ikkje satt krav til kvalitativ metode for å utgreia friluftsliv. I retningslinja er det skrevet inn at tiltak som vert igangsett skal være ein positiv ressurs for friluftslivet, det er umogleg å oppnå når retningslinja er utforma slik den er i plan forslaget, når ingen definisjonar på kva som er positivt er framlagt.

Innspel : ***Punkt om «Krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa», må arbeidast inn i plan.***

Dette skjedde i møtet til pkt 2:

Erlend Kvamsdal (H) sette fram følgjande framlegg til endringsforslag for side 27 pkt 13:

Det skal ikkje byggjast vindkraft i natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa eller som gjev varige sår i naturen som ikkje kan tilbakeførast.

Dette skjedde i møtet til pkt 4:

Formannskapet samla seg om eit forlag om nytt pkt i retningsliner for planlegging i Vestland:

Det skal ikkje gjevast løyve til vindkraft i områder definert som «Sårbart høgfjell»

Krf trakk sitt forlag om å endre side 28 pkt 18 og 19 i planen til - *Det skal ikkje gjevast løyve til vindkraft i områder definert som «Sårbart høgfjell»* -

Røysting pkt 1:

Side 27 pkt 12 - Det skal ikkje byggjast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak - *vart røysta opp mot framlegg til endring frå KrF - Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylkje med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde - .*

Framlegg frå KrF fall mot ei røyst (KrF).

Røysting pkt 2:

Side 27 pkt 13 – Framlegg frå KrF - *Det skal ikkje byggjast vindkraft i natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa eller som gjev varige sår i naturen som ikkje kan tilbakeførast i sin heilheit -*

vart røysta opp mot framlegg frå H - Det skal ikkje byggjast vindkraft i natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa eller som gjev varige sår i naturen som ikkje kan tilbakeførast -

Framlegg frå H vart vedteke mot 1 røyst (KrF)

Røysting pkt 3:

Det vart røysta over KrF sitt forslag om å endre orda «urørd natur» til natur på side 15 og 27

Forslag frå KrF fall mot ei røyst (KrF)

Røysting pkt 4:

Det vart først røysta over KrF sitt forslag - Det skal ikkje gjevast løyve til kraftutbygging i områder definert som «Sårbart høgfjell» -

Forslag frå KrF fall mot ei røyst (KrF)

Det vart så røysta over formannskapet til forslag om nytt pkt - Det skal ikkje gjevast løyve til vindkraft i områder definert som «Sårbart høgfjell» -

Forlag frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Røysting pkt 5:

Side 28, punkt 31 - Ein bør vise varsemnd ved utforming av ny kraftutbygging, slik at tiltaka ikkje

redusera opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet –

vart røysta opp mot framlegg til endring frå KrF - Det skal ikkje tillast ny kraftutbygging der opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi vert forringa –

Forslag frå KrF fall mot ei røyst (KrF)

Røysting pkt 6:

Det vart røysta over KrF sitt forslag om å fjerne delmål 3 på side 3

Forslag frå KrF fall mot ei røyst (KrF)

Røysting pkt 7:

Side 27, punkt 7 - Ved bruk av komponentar til produksjon av energi frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane -

vart røysta opp mot framlegg til endring frå KrF – Ved planlegging av etablering av ny produksjon av fornybar energi skal fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafot-, miljøavtrykket og berekraft i produksjon av komponentar alt frå første utvinning av råstoff og i alle ledd i prosessen fram til ferdig produkt -

Forslag frå KrF fall mot ei røyst (KrF)

Røysting pkt 8:

Det vart røysta over KrF sitt forslag til nytt punkt:

Punkt om «Krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa», må arbeidast inn i plan.

Forslag frå KrF vart samrøystes vedteke

Røysting over heile framlegg til vedtak samla:

Det vart til slutt røysta over heile framlegg til vedtak samla med endringa i pkt 13 i retningslinene frå H og tilleggpunktet frå KrF.

Framlegg til vedtak med endring i pkt 13 og tilleggpunkt vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune støttar hovudmålet i planen som slår fast at Vestland skal ha energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.

Vidare deler kommunen ambisjonsnivåa til dei enkelte 6 fornybare energikjeldene og for den vidare utviklinga av kraftforsyninga som er føreslått i plandokumentet. Nye kraftlinjer og oppgraderingar av eksisterande er heilt naudsynt, for å få til ei robust kraftforsyning i Vestland fylke.

Masfjorden kommune støttar dei 38 retningslinene som er definert i plandokumentet, og vil spesielt framheva at formuleringane som gjeld vindkraft i punkt 12 og 13 er svært viktige for kommunen, der det står følgjande:

12. Det skal ikkje byggast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak.

13. Det skal ikkje byggjast vindkraft i natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa eller som gjev varige sår i naturen som ikkje kan tilbakeførast, (jf vedtak i pkt 2 over).

Masfjorden kommune meiner at handlingsprogrammet inneheld mange gode tiltak knytt til alle strategiane og delmåla. Under delmål 6, som handlar om kraftnettet, saknar kommunen ein fylkeskommunal strategi som handlar om å arbeide for å finne kraftlinjetrasear som i minst mogleg grad forringar landskap og viktige vilt-, natur og friluftsområde. Eit aktuelt nytt tiltak som kunne vorte vurdert teke inn i handlingsprogrammet under delmål 6 er: **Gjennom fråsegn og politisk arbeid bidra til at nye kraftlinjer vert lagt på ein skånsam måte, og med lågast mogeleg ulemper for landskap, miljø og naturkvalitetar.**

Masfjorden kommune meiner at punkt om «Krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa», må arbeidast inn i plan.

Kommunestyret - 011/2023

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) ba om at følgjande innspel vart protokollert:

Regional plan for fornybar energi tek ikkje opp i seg fylkestingets vedtak gjort 10.06.20 om avvising av vindkraft på land, med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.

1. Masfjorden KrF vil at omtale av vindkraft på land fjernast i planen og følgjande tekst innarbeidast.

Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylkje med unntak av vindkraft i alt etablerte større industriområde.

Planutkastet opnar for ei inntil TRE-DOBLING av produksjon av vindkraft på land. På side 15 er det sett eit produksjonsmål i intervallet frå dagens produksjon på 1.6 TWh til opptil 5 TWh årleg i produksjon av vindkraft.

Planen legg opp til «0,5 - 3,4 TWh ny straum frå landvind i høve til 2022 er kopla til kraftnettet i Vestland». Planen legg opp til at det nivået skal vere nådd innan 2035. Det krev 13 vindkraftanlegg dobbel så store som Lutelandet vindkraftverk. Kvar skal dei plasserast og kva kommune vil ha dei?

Samtlege 43 kommunar i Vestland fylke vart tilskriva i etterkant av fylkesutvalet sitt vedtak i juni-22.

Konklusjonen var at 26 kommunar sendte svar til VF – og INGEN – INGEN – kommunar i Vestland fylke gav uttrykk for at dei hadde planar for – eller ønskte vindkraft på land.

1. **Masfjorden KrF meiner det er viktig å senka ambisjonsnivået når det gjeld vindkraft og vil ha fyrste setning i andre avsnitt i rådmannens innstilling fjerna**

Vidare deler kommunen ambisjonsnivåa til dei enkelte 6 fornybare energikjeldene og

for den vidare utviklinga av kraftforsyninga som er føreslått i plandokumentet

1. Siste kulepunkt i tema ambisjonsnivå og utbygging av vindindustri side 15 vert fjerna.
2. Side 27, punkt 7: Retningslinjer som gjeld dei fornybare energikjeldene

Ved bruk av komponentar til produksjon av energi frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane.

Innspel : Ny tekst

Ved planlegging av etablering av ny produksjon av fornybar energi skal fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafot-, miljøavtrykket og berekraft i produksjon av komponentar alt frå første utvinning av råstoff og i alle ledd i prosessen fram til ferdig produkt.

1. Alle helselaga i Masfjorden har samla sendt inn eit høyringsinnspel til planen. Masfjorden KrF støttar dette innspelet og ber om at deira uttale vert innarbeida i kommunen sitt innspel

Masfjorden kommune krev at folkehelse må omtalast i eige tema ved gjennomføring av konsekvensutgreiing (KU), for vindkraftutbygging, på lik linje med andre viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv.

KU som blir utført ved vindkraftutbygging må dokumentera at alle tema i forskrift om konsekvensutgreiing er omhandla som eigne punkt.

1. Fylket treng ein mykje meir ambisiøs haldning til moderne kjernekraft, som må inn som eit av hovudpunktene i planen.

Modulbasert kjernekraft må etablerast der ein har behov for auka strømmengde, t.d. til industri, i område der dagens alt utbygde energiform ikkje kan aukast.

Dette skjedde i møtet til pkt 6:

Jostein Kvamme Duesund (Uavh) sette fram følgjande framlegg til nytt punkt:

Vestland fylke skal ha ein ambisiøs tilnærming til kjernekraft. Dette skal skje gjennom samarbeid med private investorar, utdanningsinstitusjonar, næringslivet ellers og sjølvstyre kommunane for å sjå på aktuelle område/areal for etablering av eventuelle anlegg. Dei same føresegnene som gjeld for arealbruk for andre fornybare energikjelder ellers skal gjelda.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sitt fram forslag om å endre eige punkt 6 til:

Modulbasert kjernekraft bør vurderast der ein har behov for auka strømmengde, t.d. til industri, i område der dagens alt utbygde energiform ikkje kan aukast.

Røysting pkt 1:

Det vart røysta over KrF sitt framlegg:

Omtale av vindkraft på land skal fjernast i planen og følgjande tekst innarbeidast: Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på land i Vestland fylke med unntak av vindkraft i alt etablerte, større industriområde.

Framlegg frå KrF fall mot 5 røyster (KrF, Uavh, Kurt Henning Oppedal (H), Silje Vågseth Kjetland (Sp))

og Hildegunn Bjånes (A).

Røysting pkt 2:

Det vart røysta over KrF sitt framlegg:

Fjerne følgjande setning frå framlegg til vedtak frå formannskapet:

Vidare deler kommunen ambisjonsnivåa til dei enkelte 6 fornybare energikjeldene og for den vidare utviklinga av kraftforsyninga som er føreslått i plandokumentet.

Framlegg frå KrF fall mot 5 røyster (KrF, Uavh, Kurt Henning Oppedal (H), Silje Vågseth Kjetland (Sp) og Hildegunn Bjånes (A).

Røysting pkt 3:

Det vart røysta over KrF sitt framlegg:

Fjerne siste kulepunkt i tema ambisjonsnivå og utbygging av vindindustri (side 15 i planen)

Framlegg frå KrF vart vedteke med 10 røyster (KrF, Uavh, Astrid Daae (H) Bjarte Dyrkolbotn (H), Kurt Henning Oppedal (H), Silje Vågseth Kjetland (Sp), Laila Furebotn (Sp), Geir Egil Haugsvær (Sp), Hildegunn Bjånes (Ap) og Torill Torsvik Størkersen (Ap)).

Røysting pkt 4

Tekst i planen side 27, punkt 7: Ved bruk av komponentar til produksjon av energi frå fornybare energikjelder bør fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafotavtrykket i verdikjedene til alle komponentane –

vart røysta opp mot framlegg frå KrF – Ved planlegging av etablering av ny produksjon av fornybar energi skal fylkeskommunen og kommunar vektleggje klimafot-, miljøavtrykket og berekraft i produksjon av komponentar alt frå første utvinning av råstoff og i alle ledd i prosessen fram til ferdig produkt.

Framlegg frå KrF fall mot 4 røyster (KrF, Uavh, Silje Vågseth Kjetland (Sp) og Hildegunn Bjånes (A).

Røysting pkt 5

Det vart røysta over KrF sitt framlegg til nytt punkt i framlegg til vedtak frå formannskapet:

Masfjorden kommune krev at folkehelse må omtalast i eige tema ved gjennomføring av konsekvensutgreiing (KU), for vindkraftutbygging, på lik linje med andre viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv.

KU som blir utført ved vindkraftutbygging må dokumentera at alle tema i forskrift om konsekvensutgreiing er omhandla som eigne punkt.

Framlegg til nytt pkt frå KrF vart samrøystes vedteke.

Røysting pkt 6

Det vart først røysta over framlegg til nytt pkt i framlegg til vedtak frå Duesund. Framlegg frå Duesund vart vedteke mot to røyster (Helga Nyhavn Matre (H) og Kariann Ekren (H))

Det vart så røysta over KrF sitt endringsframlegg til eige pkt 6. KrF sitt framlegg fall mot 6 røyster (KrF, Bjarte Dyrkolbotn (H), Kurt Henning Oppedal (H), Silje Vågseth Kjetland (Sp), Hildegunn Bjånes (Ap) og Rangvald Tangedal (Ap)).

Røysting over heile framlegget til vedtak samla:

Det vart til slutt røysta over heile framlegg til vedtak frå formannskapet samla med følgjande endringar:

Fjerne siste kulepunkt i tema ambisjonsnivå og utbygging av vindindustri (side 15 i planen)

Masfjorden kommune krev at folkehelse må omtalast i eige tema ved gjennomføring av konsekvensutgreiing (KU), for vindkraftutbygging, på lik linje med andre viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv.

KU som blir utført ved vindkraftutbygging må dokumentera at alle tema i forskrift om konsekvensutgreiing er omhandla som eigne punkt.

Vestland fylke skal ha ein ambisiøs tilnærming til kjernekraft. Dette skal skje gjennom samarbeid med private investorar, utdanningsinstitusjonar, næringslivet ellers og sjølv sagt kommunane for å sjå på aktuelle område/areal for etablering av eventuelle anlegg. Dei same føresegnene som gjeld for arealbruk for andre fornybare energikjelder ellers skal gjelda.

Heile vedtaket samla - samrøystes

KS - vedtak:

Masfjorden kommune støttar hovudmålet i planen som slår fast at Vestland skal ha energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.

Vidare deler kommunen ambisjonsnivåa til dei enkelte 6 fornybare energikjeldene og for den vidare utviklinga av kraftforsyninga som er føreslått i plandokumentet. Nye kraftlinjer og oppgraderingar av eksisterande er heilt naudsynt, for å få til ei robust kraftforsyning i Vestland fylke.

Masfjorden kommune støttar dei 38 retningslinjene som er definert i plandokumentet, og vil spesielt framheva at formuleringane som gjeld vindkraft i punkt 12 og 13 er svært viktige for kommunen, der det står følgjande:

12. Det skal ikkje byggjast vindkraftverk som er i strid med kommunale vedtak.

13. Det skal ikkje byggjast vindkraft i natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø, eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa eller som gjev varige sår i naturen som ikkje kan tilbakeførast, (jf vedtak i pkt 2 i formannskapet).

Masfjorden kommune meiner at handlingsprogrammet inneheld mange gode tiltak knytt til alle strategiane og delmåla. Under delmål 6, som handlar om kraftnettet, saknar kommunen ein fylkeskommunal strategi som handlar om å arbeide for å finne kraftlinjetrasear som i minst mogleg grad forringar landskap og viktige vilt-, natur og friluftsområde. Eit aktuelt nytt tiltak som kunne vorte vurdert teke inn i handlingsprogrammet under delmål 6 er: **Gjennom fråsegn og politisk arbeid bidra til at nye kraftlinjer vert lagt på ein skånsam måte, og med lågast moglege ulemper for landskap, miljø og naturkvalitetar.**

Masfjorden kommune meiner at punkt om «Krav til kvalitativ metode for å skaffe kunnskapsgrunnlag for urørd natur på land eller der viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne, kulturmiljø eller der friluftsliv og reiseliv blir forringa», må arbeidast inn i plan.

Masfjorden kommune ber om at siste kulepunkt i tema ambisjonsnivå og utbygging av vindindustri

(side 15 i planen) vert tatt bort.

Masfjorden kommune ber om at det vet lagt til eit nytt punkt under hovudpunkt «Sårbart høgfjell»

- Det skal ikkje gjevast løyve til vindkraft i områder definert som «Sårbart høgfjell» (Jf vedtak i pkt 4 i formannskapet).

Masfjorden kommune krev at folkehelse må omtalast i eige tema ved gjennomføring av konsekvensutgreiing (KU), for vindkraftutbygging, på lik linje med andre viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne, kulturmiljø og reiseliv.

KU som blir utført ved vindkraftutbygging må dokumentera at alle tema i forskrift om konsekvensutgreiing er omhandla som eigne punkt.

Masfjorden kommune meiner at Vestland fylke skal ha ein ambisiøs tilnærming til kjernekraft. Dette skal skje gjennom samarbeid med private investorar, utdanningsinstitusjonar, næringslivet ellers og sjølvstyre kommunane for å sjå på aktuelle områder/areal for etablering av eventuelle anlegg. Dei same føresegnene som gjeld for arealbruk for andre fornybare energikjelder ellers skal gjelda.